

Fra: Syklistenes Landsforening
Til: Klima- og miljødepartementet (KLD)

Dato: 24.02.2023

Fråsegn om statsbudsjettet 2024

Aktiv transport er klimavennleg transport

1. Set halveringsmål for byane og krev nullvekst i landet elles

Målet om nullvekst i biltrafikken er ikkje nok for å skape berekraftig mobilitet i byane. Reduksjon av den persontransporten som går føre seg med bil må til både for å kunne utnytte areala fornuftig, redusere trongen til vedlikehald og for å tole ei vekst i næringsverksemd og folketal på eit vis som ikkje samtidig gjev dårleg mobilitet for i befolkninga.

Nullvekstmålet om at auken i persontransport skal takast med gåing, sykling og kollektivtransport har vorte ei viktig berebjelke i samferdselspolitikken i sentrale bystrok. At nullvekstmålet ikkje er ei føring fleirtalet av prosjekta som vert finansiert over samferdselsbudsjettet, bidreg truleg til at investeringane legg til rette for mellom anna byspreiing som aukar trafikkmengdene over tid. Konkret råd:

- Nullvekstmålet vert erstatta med *halveringsmålet* for persontransporten med bil i byar.
- Nullvekstmålet vert utvida til å gjelde heile landet.

2. Elsykkelen har potensiale til å spele ei større miljørolle

Støtte til elsyklar og ellastesyklar som aukar sykkelen sitt bruksområde og erstattar bilkøyring har gjeve gode resultat i Sverige. Truleg vil det kunne ha liknande effekt i Noreg. Skattepolitikken fremjar i dag elbil, elmotorsyssel og elmoped, men ikkje elsyklar. Dette er eit paradoks, når ein veit at sykling løner seg særst godt samfunnsøkonomisk og kan bidra til større mobilitet for innbyggjarar med dårleg råd.

Ellastesyklar har særskilt godt potensiale til å erstatte bilreiser, men dei er framleis dyre og uvanlege. Motorisert trafikk legg premiss for arealbruken på eit vis som ofte utfordrar måla som er sett for ei miljø- og helsefremjande byutvikling. Difor trengst ei ny vurdering av incentiva til kjøp av både brukte og nye elsyklar og lastestyklar. Konkret råd:

- Regjeringa gjev Miljødirektoratet i oppgåve å innføre ei støtteordning som kan bidra til auka bruk av elsyklar som eit alternativ til privatbil.
- Regjeringa gjev ENOVA i oppdrag å innføre ei støtteordning som kan bidra til auka bruk av ellastesyklar som alternativ til bil.

3. Klimasatsordninga må styrkjast

Klimasatsordninga har gjennom ei årrekke bidratt til nybrottsarbeid som gjeld klimatiltak og styringsverktøy i kommunar og fylkeskommunar. I stor grad er det snakk om tiltak og utgreiing som elles ikkje hadde late seg gjere innanfor eigne budsjett. Evalueringa som er gjort syner både nytte og forbettringspotensiale, og ho gjev grunnlag for vidareføring. Dei fleste byar og tettstader har ingen byvekstavtale, og for dei har klimasatsordninga vore ekstra viktig. Konkret råd:

- Regjeringa fører ordninga med klimasats vidare og gjev ho ei finansiering som minst svarar til nivået for 2022.

4. Verktøya for miljøvurdering av aktiv mobilitet er ikkje gode nok

Underlag og utgreiing transportløyningar mislukkast ofte med å inkludere aktiv mobilitet i modellar og vurderingar på ein måte som gjev god prediksjonsstyrke og kunnskap om miljøeffekt. Miljødirektoratet sine rettleiingar for mellom anna konsekvensutgreiing er viktige bidrag på dette området, og miljø- og arealrekneskapan knytt til aktiv mobilitet treng utvikling. Konkret råd:

- Regjeringa gjev Miljødirektoratet i oppgåve å syte for at nasjonale krav og rettleiingar til utgreiing bidreg til auka kunnskap om dei direkte miljøverknadene av aktiv transport, og av dei indirekte miljøverknadene som kjem frå infrastruktur mynta på gåing og sykling.

5. Det er på tide at infrastrukturen vert arealnøytral

Om styresmaktene krev arealnøytralitet eller naturnøytralitet av den infrastrukturen som vert bygd, vil det tvinge fram ein nøysam og gjennomtenkt arealbruk. Arealnøytral infrastruktur bidreg ikkje til tap av natur fordi ein har valt å bruke om att, omdisponere areal som allereie er utbygd eller kompensere for naturareal som vert utbygd ved å til dømes restaurere ei myr. Konkret råd:

- Regjeringa gjev Miljødirektoratet i oppgåve å gjere greie for korleis krav til arealnøytralitet kan ta takast inn i dei relevante rundskriva og rettleiingane som legg premisa for korleis statens prosjektmodell vert følgt.

Dei konkrete råda lista opp

1. Nullvekstmålet vert erstatta med *halveringsmålet* for persontransporten med bil i byar. Nullvekstmålet vert utvida til å gjelde heile landet.
2. Regjeringa gjev Miljødirektoratet i oppgåve å innføre ei støtteordning som kan bidra til auka bruk av elsyklar som eit alternativ til privatbil. Regjeringa gjev ENOVA i oppdrag å innføre ei støtteordning som kan bidra til auka bruk av ellastesyklar som alternativ til bil.
3. Regjeringa fører ordninga med klimasats vidare og gjev ho ei finansiering som minst svarar til nivået for 2022.
4. Regjeringa gjev Miljødirektoratet i oppgåve å syte for at nasjonale krav og rettleiingar til utgreiing bidreg til auka kunnskap om dei direkte miljøverknadene av aktiv transport, og av dei indirekte miljøverknadene som kjem frå infrastruktur mynta på gåing og sykling.
5. Regjeringa gjev Miljødirektoratet i oppgåve å gjere greie for korleis krav til arealnøytralitet kan ta takast inn i dei relevante rundskriva og rettleiingane som legg premissa for korleis statens prosjektmodell vert følgt.

Emil Rensvala
konstituert generalsekretær

Helle Beer Urheim
fagrådgjever

